



Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 12/1193	Deknr.:
Mottatt: 27. MAI 2013	LP/ NM
Saksbeh.:	Ans.: 512.1
Kopi:	Avskr.:

Deres ref.	Deres brev av:	Vår ref.	Emnekode	Dato
		201303958-27 ATVE	ESARK-03	22. mai 2013

Høringssvar fra etat for landbruk - Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Bergen kommune føreset at ordninga i beste fall kan gjerast gjeldande frå og med 2014. Dette grunna for seint innspel til å ta ordninga i bruk sommaren 2013. Klima og sein vår/ sommar er hovedårsaka til dette samt forventa ekstra arbeidspress hjå bøndene grunna endå kortare sommarsesong der værtilhøva framover også er ukjende.

Dreneringsbehov i staden for grøftebehov.

Generelt vil Bergen kommune understreka behovet for dreneringstiltak. Landbruket som nå er Bergen, ligg i vesentleg grad i tidlegare omliggande kommunar som Fana, Arna, Åsane og Laksevåg. Ein stor del av dette landbruket er tidlegare oppdyrka myrreal, der resultatet av formolding og jordsig samt stadig bruk av tyngre maskinelt utstyr, medfører at store deler av desse areala i dag er vanskelege å driva. Samstundes vil ein som framlegget til høyring peikar på, understreka at det er mest korrekt å understreka dreneringsbehov.

Jordbruksinntektene reduserte.

Eit moment som er svært viktig, er at inntektene i landbruket har tapt seg kraftig etter at «oljealderen» starta. Den har medført at lønsauke for dei fleste arbeidsgrupper som landbruket må kjøpa tenester av. (væteriner, avløyser, røyrleggjar, elektrikar, bygningsarbeidar, maskinkøyrar osv).

Sidan førsten av 1980 talet har inntektsnivået for bøndene vorte slik at drifta også grunna rasjonalisering og stadig auka krav til effektivitet, kun har evna å gjera dei viktigaste arbeidsoppgåvene, nemleg å produsera matprodukter.

Vedlikehald av både bygningar og anlegg har dermed vorte nedprioritert. På denne bakgrunn har dreneringsbehovet stadig vorte meir og meir preserande.

Nå er det behov for eit kraft-tak ettersom både drifts og innhaustingstilhøva har vorte sterkt forverra dei siste åra. Framlegg om kr. 1000 pr da vil stort sett innebera om lag 1,5 timar med leige av gravemaskin. Kva då med kostnader til røyr, dekkingsmasse og planleggingskostnader? Antakeleg vil føreslege tilskotsramme innebera nærmare 10 enn 20 % av dei totale anleggskostnadene.

(Kopi rundskriv i LFR):

Vanlig avskrivningstid på et grøfteamlegg er 20 år, og med en rente på 3 % ser vi at grøfting er økonomisk lønnsomt ved kostnader opp til 11.500 kroner pr dekar. (10 000 kroner ved 5% rente). I tillegg vil det å slippe og kjøre seg fast, få jord med i siloen, kunne hauste når kvaliteten er best etc. ha en verdi).

Knytta til SMIL- ordninga.

Dette er for så vidt fornuftig, men bør i tilfelle medføra sterk auke av budsjetterte og overførde midlar til denne ordninga.

Kven skal planlegga dreneringstiltak?

Kapasitet hjå dei kommunale landbrukskontora er frå før sterkt belasta. Dessutan er kompetansen på slikt planleggingsarbeid etter kvart ein minimumsfaktor hjå mange av dei tilsette kommunale landbruksbyråkratane. Det same er nok tilfelle hjå mange av dei tilsette i LFR. Kanskje også på landbruksavdelingane hjå fylkesmennene.

Uansett er det viktig at folk med god kompetanse kan gjera lik planleggingsjobb for bøndene i alle kommunane i dei einskilde fylka.

Krav til miljøplan 2.

Det mest fornuftige og rimelege vil vera at miljøplan 2 blir utarbeidd som resultat av planlegging av dreneringstiltaket. Då får den einskilde bonde motivasjon til naturleg å setja seg inn i dei ulike føresetnaden som skal vektleggast i miljøplan 2. Dessutan er det mange bønder som endå ikkje har fått utarbeidd miljøplan 2.

Korn, grønsaker og potetareal.

Bergen kommune vil understreka behovet for dobbel vektlegging av slike areal. Særleg har klimaendringar som inneber meir og meir nedbør, med dette å gjera.

Med hilsen

ETAT FOR LANDBRUK

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.

Arvid Tveit - saksbehandler

Helene Dahl - etatsleder

Det kongelige landbruks- og matdepartement, Postboks 8007 Dep, 0030
OSLO
Postboks 8007 Swp

0030 OSLO

Vedr. saksnr 201303958, journalnr 2013171259

Høringssvar fra etat for landbruk - Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Vedlagt følger dokument fra Bergen kommune:

Privatpersoner som har aktivert meldingstjenesten i <https://www.altinn.no> vil i de fleste tilfeller varsles via sms/epost om at dokumentet kan leses i «Min meldingsboks». Dokument som leses innen 2 døgn etter at det var tilgjengelig i meldingsboksen, blir ikke sendt som post.

Dokumenter fra ulike fagområder blir etter hvert tilgjengelige på <https://www.bergen.kommune.no/dinside/privat>, som dokumenter i en byggesøknad for en eiendom du eier (er hjemmelshaver til). Siden inneholder ellers blant annet oversikt over fakturaer fra kommunen.

Bedrifter/organisasjoner kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på <https://www.altinn.no> via rollen «Kommunale tjenester». Dokument som leses innen 2 døgn etter at det var tilgjengelig i meldingsboksen, blir ikke sendt som post. Det arbeides med å kunne sende varsel via Altinns meldingstjeneste ved bruk av epostadressen som er registrert på bedriften/organisasjonen i Enhetsregisteret: <http://www.brreg.no/registrene/enhet/>.

Bergen kommunes digitale tjenester finnes på <https://www.bergen.kommune.no>.

Digitalt førstevalg - din vei til raskere, enklere og sikrere tjenester fra Bergen kommune